



## PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE NR. 5/2025 I SKÅNEVIK IDRETTSLAG

Styremøte nr. 5/2025 heldt fysisk den 01.12.2025 18.00-20.00 i kafeen på Skånevik Kultur- og Idrettshall.

### Til stede frå styret:

- Erik Opheim Rognøy, leiar
- Rebekka Ebbesvik, nestleiar
- Vidar Matre, sekretær
- Kristine Ebne, styremedlem
- June Marie Hornenes, kasserer

### Meldt forfall:

- Silje Merete Eliassen, varamedlem 2
- Kari Johansson, varamedlem 1

### Referent:

- Vidar Matre

Styreleiar opna styremøte nr. 5/2025 den 01.12.2025 klokka 18.10.

Det ble ikkje fremma innvendingar til innkallinga eller sakslista.

Møtet var vedtaksført.

Det var ingen habilitetsinnvendingar knytt til saker som låg til behandling.



---

## VEDLEGG – SAKSLISTE OG SAKSDOKUMENT

### Vedtakssaker:

- Sak 1: Godkjenning av innkalling.
- Sak 2: Godkjenning av saksliste.
- Sak 3: Godkjenning av protokoll frå møte nr. 4/2025.
- Sak 4: Bestemme typar medlemskap og -kontingent for 2026.
- Sak 5: Samarbeid med Etne IL om G19 fotballag.
- Sak 6: Ny leverandøravtale for klubbklede og utstyr.
- Sak 7: Frivillighetssentral i Skånevik – idrettslaget si rolle.
- Sak 8: Utnemning av valkomité.
- Sak 9: Dato for årsmøte 2026.
- Sak 10: Innspel til kommunen si temaplan idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv

### Orienteringssaker:

- O-sak 1: Discgolf.
- O-sak 2: Klatring.
- O-sak 3: Kjærlighetsstien.

Merk: Vedlegga det refererast til i protokollen er utelat frå protokollen. Vedlegga kan sendast på epost ved å henvenda seg til styreleiar på [post@skaanevikidrettslag.no](mailto:post@skaanevikidrettslag.no)



## Sak 1: Godkjenning av innkalling.

Vedtak:

- Innkallinga godkjennast.

Vedtaket var einstemmig.

## Sak 2: Godkjenning av sakliste.

Vedtak:

- Sakliste godkjennast.

Vedtaket var einstemmig.

## Sak 3: Godkjenning av protokoll frå møte nr. 4/2025

Vedtak:

- Protokoll godkjennast.

Vedtaket var einstemmig.

## Sak 4: Typar medlemskap og – kontingent for 2026

Bakgrunn:

- Vedtak frå årsmøte i 2025 gjer hovudstyret fullmakt til å definere typar medlemskap og tilhøyrande medlemskontingent. Dette må på plass i god tid før kontingent sendast ut i januar 2026.

Vedtak:

- Typar medlemskap:
  - Familie: familie på opp til 6 personar som deler husstand.
    - 2 vaksne: (frå og med året ein fyller 19 år)
    - 4 born/ungdom (t.o.m året en fyller 18 år)
    - Unntak:
      - ungdom 19-24 år som avtener førstegangsteneste reknast som born/ungdom (året ein fyller 19 år- t.o.m året en fyller 24 år)
      - ungdom 19-24 år som studerer reknast som born/ungdom
      - ungdom 19-24 år som går i lære i ei bedrift reknast som born/ungdom
      -
  - Vaksen: person frå og med året ein fyller 19 år
    - Unntak:
      - ungdom 19-24 år som avtener førstegangsteneste reknast som born/ungdom
      - ungdom 19-24 år som studerer reknast som born/ungdom



- ungdom 19-24 år som går i lære i ei bedrift reknast som born/ungdom
  - Born / ungdom: person opp til 18 år (til og med året ein fyller 18 år)
  - Frivillig: person som har verv i idrettslaget, men som ikkje deltar aktivt på aktivitetane til idrettslaget
- Medlemskontingent som bestemt av årsmøtet:
  - Familie: kr 2200,-
  - Vaksen: kr 1100,-
  - Born/ungdom: kr 750,-
  - Frivillig/æresmedlem: kr 50,-
- Kontingent for æresmedlemmar betalast av idrettslaget.

Vedtaket var einstemmig.

## Sak 5: Samarbeid med Etne IL om G19 fotballag

Bakgrunn:

- Idrettslaget har i 2025 slitt med å stille nok spelarar til a-lagskampane. A-laget vil i løpet av 2026 miste nokre spelarar som enten heller vil spele for Etne IL, skal avtene førstegongsteneste eller begynne og studere til hausten.
- A-laget er samlande for bygda og idrettslaget bør gjere det me kan for at me fortsett har eit a-lag i fotball.
- Det er antakeleg omkring 6 skåneviksungdom som ønskjer å spele for Etne IL G16 eller G19 neste år (ikkje avklart om Etne IL kjem til tilby G16). Alle desse 6 spelarane vil og spele for Skånevik IL a-lag om me får til eit samarbeidslag med Etne IL for G19.

Vedtak:

- Hovudstyret i Skånevik Idrettslag gjer fotballgruppa fullmakt til å opprette eit samarbeidslag med Etne IL i ungdomsfotballen.

Vedtaket var einstemmig.

## Sak 6: Ny leverandøravtale for klubbklede og utstyr

Bakgrunn:

- Avtalen med Torshov Sport går ut 31.12.2025.
- Sport 1 Etne saman med Scantrade tilbyr klubbklede til Etne IL, Fjordar IL og Vindafjord IL. Klubbklede til desse klubbane står utstilt hos Sport 1 Etne og kan kjøpast og/eller bestillast der. Klede og utstyr frå Umbro.
- Skånevik Idrettslag kan få liknande avtale, som desse klubbane har med Sport 1 Etne og Scantrade. Idrettslaget får cash-back for kvart sal. Oppsamla beløp kan idrettslaget bruke til å kjøpe inn utstyr.
- Sjå vedlegg 1 og 2.

Vedtak:



- Styreleiar gis fullmakt frå hovudstyret til å forhandle fram leverandørvtale med Scantrade og Sport 1 Etne for klubbklede og -utstyr til beste for Skånevik Idrettslag og våre medlemmer.
- Erik Opheim Rognøy og June Hornenes dannar arbeidsgruppe for val av modell og fargar, samt design av trykk.

Vedtaket var einstemmig.

### Sak 7: Frivillighetssentral i Skånevik – idrettslaget si rolle

Bakgrunn:

- Erfaringane med frivillighetssentralen i Etne er veldig gode. Denne skal dekke både Etne og Skånevik, men dei slit no med å tene Skånevik skikkeleg på grunn av det høge aktivitetsnivået i Etne og ønskjer frå Skånevik om økt aktivitet i bygda vår, og retta mot borna og ungdommen.
- Det er danna ei arbeidsgruppe, som skal arbeide med å opprette ein eigen frivillighetssentral i Skånevik.
- For å danne ein frivillighetssentral må det utnemnast to lokale frivillige organisasjonar, som kan gå inn i eit stiftelsestyre. Arbeidsgruppa har spurt om Skånevik Idrettslag kan vere ein av desse to organisasjonane.
- Skånevik Idrettslag har i dag 40 frivillige verv, som me skal besette i tillegg til all aktiviteten og anlegg me driftar.
- Sjå vedlegg 3 og 4.

Vedtak:

- Skånevik Idrettslag takkar ja til å vere med i stiftelsestyre for Frivillighetssentral i Skånevik. Kristine Ebne stiller til val.

Vedtaket var einstemmig.

### Sak 8: Utnemning av valkomité

Bakgrunn:

- Årsmøtet i Skånevik Idrettslag i 2025 gav hovudstyret fullmakt til å utnemne medlem til valkomitéen då nominasjonar til valkomitéen ikkje var klar til årsmøtet.
- Styreleiar has spurt Georg-Johan Åsheim om han kan tenkje seg å vere leiar for valkomitéen og han har takka ja.
- Det manglar forsalg til dei to andre medlemma av valkomitéen.

Vedtak: Det arbeidast vidare med å utnemna medlem av komité. Ekstraordinært styremøte må haldast for å godkjenne valkomitéen.

Vedtaket var einstemmig.

### Sak 9: Dato for årsmøte i 2026

Bakgrunn:



- Planlegginga av årsmøte bør starte så tidleg som mogleg. Dato for årsmøte dannar grunnlag for dei forskjellige fristane som gjeld for å sende inn sakar, arbeidet til valkomité, klargjering og revidering av rekneskap, osv.

Vedtak:

- Årsmøte i Skånevik Idrettslag 2026 setjast til søndag 8.mars 2026 klokka 18:00.

Vedtaket var einstemmig.

### Sak 10: Innspel til kommunen si temaplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv

Bakgrunn:

- Møte i Hovudutvalet 18.11.2025 bestemte at Temaplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2026-2035 kan sendast ut til høyring.
- Kristine Ebne vil gje eit kort samandrag om hovudtrekka av temaplanen og korleis temaplanen vil påverke idrettslaget.

Vedtak:

- Forslag til høyringsforsegn utarbeidast av Kristine Ebne og godkjennast av styret via epost.

Vedtaket var einstemmig.



## O-sak 1: Discgolf

Avgjersle om Skånevik Discgolf ska bli ein del av Skånevik Idrettslag ligg, slik styreleiar har forstått NIF lov, hos årsmøtet. Saka blir derfor utsett til årsmøtet. Avgjersle om idrettslaget skal fortsetje å betale ut vederlag til vedlikehald på vegne av Skånevik Discgolf vil vere avhengig av om dei blir ein del av idrettslaget eller ikkje. Avgjersla om dette blir derfor og utsett til årsmøtet.

## O-sak 2: Klatring

Sølve Funderud har starta opp igjen klatring i idrettshallen. Klatringa er per i dag ikkje ein aktivitet i regi av idrettslaget. Viss dette skal bli ein del av idrettslaget må dette vedtakast av årsmøtet.

## O-sak 3: Kjærlighetsstien

Styreleiar har henta inn prisar for utbetring av lys langs Kjærlighetsstien. Sjå vedlegg 6. Det manglar ein del detaljer i planlegginga før me kan sende søknader om støtte frå stiftelsar og spelemidlar. Styreleiar vil søkje blant medlemmane om kompetent hjelp til planlegging av arbeidet.

Skånevik 08.12.2025

Vidar Matre, sekretær

Erik Opheim Rognøy, styreleiar